

Høyring frå Kulturdepartementet om NOU 2014: 2 Lik og likskap. Om betaling for kremasjon, gravlegging og grav.

Høyringssvar frå Bremanger kyrkjeleg fellestråd

Vi viser til Kulturdepartementet sitt høyringsbrev av 22.04.2014, der vi vert invitert til å uttale oss om forslaga i NOU 2014:2, Lik og likskap.

BKF-sak 24/2014 - møte 18.09.2014

Bremanger kyrkjeleg fellestråd er samd i mange av dei framlegga utvalet kjem med, som m.a.

- at kistegravlegging og kremasjon vert likestilt både økonomisk og juridisk som gravferdsform.
- at kommunane skal vere pliktig til å ta imot utanbygds gravlegging. Brukarbetaling for utanbygdsbuande vert oppheva.
- at avgifta for feste skal vere slik at alle innbygarane vert behandla likt.
- at forvaltningsoppgåver vert ført over frå bispedømerådene til fylkesmennene.

Fellestrådet er derimot ikkje samd med utvalet i at ansvaret for bæretransport skal overførast frå NAV til gravferdsforvaltninga. Då vert det skilt mellom den transporten gravferdsbyråa har til kyrkje, og frå kyrkje til gravplass og transporten frå kyrkje til krematoriet.

Fellestrådet er og skeptisk til at det kan opnast for spreining av aske på gravplassane. Slik det er gjort framlegg om, må dette stå i vedtektene for å kunne gjennomførast.

Vedteke einstemmig